



Avdelingsdirektørane
Regionvegsjefen
Sekretariatet for kontrollutvalet

Dato: 18.12.2015
Vår ref.: 2015/3679-6
Saksbehandlar: nilvetl
Dykkar ref.:

Hordaland fylkeskommune - årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2019

Fylkestinget vedtok årsbudsjettet for 2016 og økonomiplanen for perioden 2016-2019 i møte 9. desember 2015, sak 95. Kopi av vedtaket følger vedlagt.

Dei vedtekne endringane i budsjettet for 2016, jf. budsjettvedtaket, gjeld endringar i høve til budsjettdokumenta frå fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag vart lagt fram 23. oktober 2015.

Det vedtekne budsjettet for 2016 byggjer på lønsregulativet pr. 1. januar 2016. Fylkesrådmannen vil i eiga sak gje tilleggsløyvingar til dekking av meirutgifter til løn og sosiale kostnader for tariffrevisjon i 2016.

Fylkesrådmannen vil oppdatera budsjettdokumenta i samsvar med fylkestinget sitt vedtak med det første.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Vedlegg:

1. Budsjettvedtak
2. Kontering av vedtak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.